

**Med heimel i plan og bygningslova § 12-10 vedtek Kvam formannskap å senda framlegg til reguleringsplan for fv. 49 Eikedalen – Steinsdalen på høyring og offentlig ettersyn.**

Rådmannen tilrår å ta inn følgande endringar/presiseringar:

1. Før endeleg vedtak av planen skal det utarbeidast skisser som visualiserer foreslått gangbru i Steinsdalen. Føringar som er nødvendig for å sikra god tilpassing til terreng og landskap og medviten materialbruk skal innarbeidast i planframlegget.
2. Før endeleg vedtak skal føresegnene til reguleringsplanen sikra at turveg frå Tokagjelet og til Steinsdalen skal vera regulert og opparbeidd før tunellen kan verta tatt i bruk.
3. Før endeleg vedtak skal det gjevast føringar som avgrensar i tid etablering av dei to områda til masselager i Steinsdalen med omsyn på å redusera ulempene for landbruket. Føringane må og omfatta bruk av midlertidige anleggsvegar og tilbakeføring til landbruksareal etter at masselagera er ferdig stilt.
4. Kvam herad oppmodar om at det vert etablert parkeringsplassar i området ved nytt vegkryss i Eikedalen for dei som skal reisa med buss.
5. Vedtak gjort av Kvam FSK 08.05.2025, FSK-028/25. Dette vedtaket skal kunngjerast i høyringsbrev som skal sendast ut. Dei 6 punkta i vedtaket skal leggjast fram på ein slik måte at ein i høyringa kan gje innspel/kommentere på dei.

Kvam FSK 08.05.2025, FSK-028/25

**Kvam formannskap vedtek å senda framlegg til reguleringsplan for Steinsdalen-Eikedalen tilbake til Vestland fylkeskommune med fylgjande bestilling:**

- a) Før endeleg vedtak skal føresegnene til reguleringsplanen sikra at turveg frå Tokagjelet og til Steinsdalen skal vera regulert og opparbeidd før tunnelen kan verta tatt i bruk.
- b) Før endeleg vedtak skal det gjevast føringar som avgrensar i tid etablering av masselager i Steinsdalen med omsyn på å redusera ulempene for landbruket. Føringane må og omfatta bruk av midlertidige anleggsvegar og tilbakeføring til landbruksareal og anna areal etter at masselagera er ferdig stilt.
- c) I Steinsdalen skal det utarbeidast forslag til løysing for rundkøyring som vist på skisse (vedlegg 1) /eventuelt T-kryss på same stad med same påhogg som skisse, med undergang på 3 meter fri høgd. Ein skal utgreia fleire forslag til moglege deponi som er spelt inn i Kvam. Formannskapet viser og til skriv i SAMO den 23.04.2025 der fylkeskommunen no ber om dialog. (vedlegg 3) Ein ber om at slik dialog vert oppretta med adm./politisk nivå og innbyggjarar for å koma fram til løysing.
- d) Kvam Formannskap viser og til løysing i Eikedalen (vedlegg 2) der ein utgreier trase og ny bru ovanfor eksisterande bru og etablerer rundkøyring. Deretter nyttar eksisterande veg frå rundkøyring mot Bergen med utretting av to kurver og etablering av gang- og sykkelveg. Tek ut massedeponi på Kleiva. At ein vidare i planarbeidet utgreier massedeponi andre stader som Kråni, Mørkhølen, Liaros og Børdal. Ein bør og oppretta dialog med Samnanger kommune/råka parter i det vidare planarbeidet. Kvam formannskap viser og her til skriv i SAMO 23.04.2025 der Fylkeskommunen ynskjer dialog.
- e) Kvam herad ber om at det vert etablert parkeringsplassar i området ved rundkøyring i Eikedalen for dei som skal reisa med buss.
- f) Vern av høgproduktiv jord skal vektast høgare. Som ein fylgje av dette skal området Øvre Byrkjeland takast ut av planen. Andre områder kan takast inn til vurdering.